

## Informasjon om betaling

**Før skulestart får du tilsendt giroar for ulike innbetalingar.**

**Skulepengar:** Med grunnlag i friskulelova m/forskrift har me fastsett at skulepengar for skuleåret 2017/2018 vert kr 1.200,- pr. måned. Den fyrste betalinga av skulepengar har forfall i august og vert ikkje refundert om eleven ikkje møter til skulestart. Opptaksgebyret vert trekt på elevpengene i september.

### **Yrkesfagleg fordjupning - YFF**

I YFF kan ein velja å ha om hund, hest, naturbasert reiseliv, landbruk eller anleggsgartner. For å kunne gje elevane opplevingar i form av turar og nytt utstyr er det innført kr 2.500,- ekstra pr. halvår i skulepengar på Vg1 YFF Hund og Hest, og alle YFF-faga på Vg2.

### **Internat**

Alle som skal bu på internatet får tilsendt ein giro på kr 6.600,- med forfall 1. august der kr 2.000,- skal dekkja eit internatdepositum og kr 4.600,- skal dekkja fyrste månadsleige (for dobbeltrom). Dersom du skal bu på enerom (kr 5.500,- pr. måned) vil neste månadsleige verta justert for det du skulle betalt ekstra for den fyrste månaden. Elevar som seier ifrå seg tildelt rom på internatet før 15. september, får refundert halve depositumet på kr 2.000,-.

Dei med **spesialdiett** må betala kr 450 pr. måned i diettpengar.

### **Kennel og stall**

Skal du leige kennel- eller stallplass, får du ein månedleg giro på det.